



VENSTRE



Stem Venstre.

Sjå framover med Venstre.

Volda Venstre 2023–2027.

Venstre vil ta vare på naturmangfaldet

Venstre vil at vi skal ta vare på naturen. Det betyr ikkje at vi skal stanse utviklinga av kommunen eller næringslivet, men sørge for at verdiskaping ikkje går på bekostning av naturen.

Kampen for å kutte klimagassutslepp er viktig også lokalt. Det er summen av små og store grønne



handlingar og tiltak som vil gjere Norge klimanøytralt.

Volda Venstre vil

- at miljø- og berekraftsmål skal vere med i alle utviklingstiltak
- at kulturlandskap, jordvern og biologisk mangfald vert ivaretatt
- utvikle sentrumsområda med gode møteplassar, grønne lungar, bustadmiljø og estetiske kvalitetar
- styrke VØR, og arbeide for gode resirkuleringsordningar
- ha fleire soner med lågare fart i sentrums- og bustadområde
- ivareta historiske miljø

Venstre prioriterer skule og barnehage

Utdanning er nøkkelen til ei god framtid. Difor skal Volda vere ein av dei fremste skulekommunane i landet. Det er gjennom utdanning vi jamnar ut sosiale ulikskapar og gir alle like mogelegheiter i livet. Og elevar har ulike føresetnader, interesser og behov.

Volda Venstre vil

- at barnehagar og skular skal ha nok ressursar til å vere i landstoppen
- ha oppdaterte dataverktøy også på nynorsk for elevar i grunnskulen
- fremje lesing i skulen og meir bruk av fysiske lærebøker
- ha ei god helsesjukepleiarteneste og få fleire miljøarbeidarar i skulen

- styrke song- og musikktilbodet for barn og unge gjennom eit forpliktande samarbeid mellom frivillige lag, kulturskulen, grunnskulen og SFO
- legge til rette for etterutdanning av lærarar og førskulelærarar
- arbeide for trygge skuleveggar og trygg skuleskyss
- oppgradere Mork skule



Venstre ynskjer ein næringsvennleg kommune med levande lokalmiljø

Volda er saman med Ørsta det naturlege midtpunktet i ein spennande region. Vi vil legge til rette for eit rikt, variert og berekraftig næringsliv der det må bli enklast råd å starte si eiga bedrift.

Volda skal også vere ein god vertskommune for offentlege institusjonar.



Volda Venstre vil

- krevje betre mobildekning og kollektivtilbod i heile kommunen
- at alle i kommunen skal ha tilgang til likeverdige tenester

- realisere Voldatunellen, bygge ny Fv 60 og støtte arbeidet for betre kryssing av fjordane våre
- fullføre reguleringsplanen for Grodås
- støtte arbeidet med ein universelt utforma gangveg langs fjorden til "Munken"
- presentere ideen om prosjektet "Kulturarena Volda", og følgje opp arbeidet med "Grobygget"
- støtte barne- og ungdomstiltak

Omsorg og hjelp til alle som treng det

Eit trygt helse- og omsorgstilbod er viktig for at alle skal ha fridom og høve til å delta i samfunnet. Det skal vere god kvalitet i eldreomsorga for dei heimebuande, og det skal vere trygt og godt å bu på institusjon med god pleie og sunn, velsmakande mat.



Volda Venstre vil

- oppretthalde noverande avdelingar på omsorgssenteret
- ha eit pilotprosjekt med eit mangfald av buformer, med bustader som er tilpassa etter kor godt ein klarer seg sjølv
- ha ei god demensomsorg med god informasjon til dei pårørande
- at eit nytt legesenter i Volda må vere sentrumsnært
- jobbe for eit brukarombod i Volda
- lage ein forpliktande handlingsplan retta mot fattigdom i barnefamiliar
- ivareta dei funksjonshemma sine rettar

Valliste Volda Venstre

1. **Brynhild Lund Notøy**
2. **Benedikte Holmberg**
3. **Rune Seljeset**
4. **Stig Helland**
5. **Idar Flo**
6. **Hege Anett Seljeset**
7. Alexander Løvik Stevenson
8. Sindre Furland
9. Norunn Holmøy
10. Johann Roppen
11. Nina Løvdøen Øen
12. Kjell Kristian Grimstad-Hansen
13. Tom-Øyvind Espeseth Solheim
14. Aase Myklatun Reite
15. Ole Kristian Klepp Nilsen
16. Martin Dypvik Notøy
17. Reidun Heimen Heltne
18. Ralf Bjarne Taraldset
19. Jon Philip Harman
20. Turid Tryggestad Espe
21. Caroline Huse Furland
22. Jose Rodrigo Pacheco Valle
23. Hogne Kvangarsnes



Møre og Romsdal Venstre

1. Pål Farstad, Kristiansund
2. Lena Landsverk Sande, Vanylven
3. Frank Stenløs, Molde
4. Kari Grindvik, Ålesund
5. Annika Brandal, Hareid
21. Johann Roppen, Volda
27. Brynhild Lund Notøy, Volda
28. Hege Anett Seljeset, Volda



www.venstre.no/volda

Du finn oss også på Facebook.